



Justis- og beredskapsdepartementet  
Gullhaug torg 4A  
0484 Oslo

Går til Politidirektoratet

**Dok. ref.**  
2016000509-26/K2 - X31/143

**Dato:**  
24.01.2017

### **Endringer i inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og tenestestader i Vest politidistrikt**

Årdal kommunestyre opprettheld argumenta for å behalde lensmannskontoret i Årdal slik det framgår i brev dagsett 17.11.2016 og 03.01.2017.

Vidare vert det vist til s. 25 i tilrådinga frå Vest politidistrikt der det m.a. heiter:  
«Lærdal foreslåes opprettholdt fordi Lærdal har en sentral plassering i regionen med høy trafikk tetthet og stor andel tungtrafikk. Tunnel tettheten i området er også høy. I Lærdal ligger sentale samarbeidspartnere som lokalsykehuset for Indre Sogn og Lokal Medisinsk Saenter (LMS) med legevaktssentral, samt Statens Vegvesens Trafikkstasjon.»

Under «kap. 5.2 Kriminalitetsforebygging» vert det vist til at dette er eit av tre hovudområde i politiet sin «virksomhetsmodell». «Det er et mål i nærpolitireformen at politiets kriminalforebygging skal være kunnskapsbasert og målrettet, hvor arbeidet skal baseres på kriminalitetsanalyser og kunnskaper om lokale forhold».

Vidare heiter det: «Hver enkelt kommune skal ha en politikontakt og rolla som politikontakt blir svært viktig i det forebyggende arbeidet. Det er ønskelig at politikontakten skal være en erfaren polititjenesteperson med god lokalkunnskap og nettverk blant innbyggerne i kommunen».

Kommunestyret reagerer på sitata ovanfor som vektlegg nærleik til trafikk, tunnelar, institusjonar og samarbeidspartar sterkare enn nærleiken til folk og nærmiljø. Dette står i skarp kontrast til dei politiske føringane som ligg til grunn for reforma og er sterkt medverkande til at tilliten til gjeldande vedtak er svak i høve til dei lokale forventingane ved innleiinga til reformarbeidet.

Vi finn grunn til å reagere når politimeisteren skriv på side 38 i si tilråding: «Politimeisteren vil understreke at det ikkje er mykje god beredskap i lensmannskontorbygningar som står tomme». Kommunen har i uttalen sin tidlegare påpeika at Årdal lensmannskontor har ope kvardagar frå kl. 8.30 -14.00 og ikkje slik det er framstilt i tilrådinga frå politimeisteren.

Vi viser også til det som er skrive om Politirådet si rolle og til dei dokumenterte erfaringane vi har lokalt frå dette arbeidet i samarbeidet mellom politiet, kommuneleiinga og «Årdal Tenk Tryggleik». Dette arbeidet er presentert for politimeisteren då han møtte oss her i Årdal.

Årdal kommune finn ikkje at det er samsvar mellom intensjonane i Nærpolitireforma og gjeldande vedtak om inndelinga i Sogn lensmannsdistrikt, der den mest folkerike kommunen med det mest kompliserte kriminalitetsbiletet står utan lensmannskontor dersom dette vedtaket ikkje vert gjort om.

Kommunestyret forventar difor at departementet står ved dei overordna føringane som ligg til grunn for reforma ved ikkje å legge ned lensmannskontoret i den mest folkerike kommunen i Indre Sogn.

Med helsing  
Årdal kommune

Arild Ingar Lægreid  
ordførar

Vedlegg: 2